



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato
29.06.2017
Dykkar dato
10.03.2017

Vår referanse
2017/3413 542.1
Dykkar referanse

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Merknad til søknad frå Marine Harvest Norway AS om utviding av areala for oppdrett av reinsefisk på lokaliteten Ljøsnes Øygarden kommune

Vi viser til søknad frå Marine Harvest Norway AS datert 3. mars 2017, oversendt frå Hordaland Fylkeskommune den 10. mars 2017 og med ettersending av uttale frå Øygarden kommune den 5. mai 2017.

Marine Harvest søker om løyve til bygging av nytt produksjonsbygg for oppdrett av reinsefisk av berggylt på lokaliteten Ljøsnes i Øygarden kommune. Det er ikkje søkt om endring på inntaksvatn eller utsleppsplanlegging. Det er heller ikkje søkt om utviding av utsleppsløyvet som i dag er for ein årleg produksjon på 169 tonn.

Gjeldande utsleppsløyve av 30. oktober 2010 for landbasert oppdrett av yngel av torsk er avgrensa til ein produksjon på 250 tonn. Dagens produksjon av berggylt er i søknaden avgrensa til 169 tonn, som og er dagens løyve etter akvakulturlova, men Marine Harvest Norway AS opplyser i søknaden at denne ramma ikkje blir utnytta fullt ut.

Fylkesmannen har ingen merknad til oppføring av nytt bygg på land då det ikkje skjer endringar i arealbruk eller utslepp.

Samstundes er det vanleg praksis å oppdatere utsleppsløyve som er eldre enn 10 år, jf. forureiningslova § 18 tredje ledd. Vi vel likevel å utsette oppdatering av utsleppsløyve til det skjer ei auke i produksjonen utover dagens ramme på 169 tonn. Det er to grunner til det. For det første går utsleppet til det vi vurderer som å vere ein god resipient og det er eit avgrensa utslepp. For det andre har vi ikkje tilstrekkeleg dokumentasjonsgrunnlag for handsaming av utsleppsløyve. Det manglar både strømmåling og vurdering av utsleppet si påverknad på resipient i form av ei miljøgransking.

Vi kjem attende til fornying av utsleppsløyvet ved eit seinare høve.

Med helsing

Henriette Ludvigsen
overingeniør

Tom N. Pedersen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Marine Harvest Norway AS

Fiskeridirektoratet

Øygarden kommune

Mattilsynet

Postboks 185 Sentrum

Ternholmvegen 2

Postboks 383

5804

5337

2381

BERGEN

RONG

BRUMUNDDAL



...
Fiskeridirektoratet region Hordaland
Postboks 233
5804 BERGEN
...

586.1.2

1618/99 6

**UTSLEPPSLØYVE FOR COD CULTURE NORWAY AS FOR HALD
OG PRODUKSJON AV STAMFISK, YNGEL- OG SETJEFISK AV
TORSK PÅ KOLLSNES I ØYGARDEN KOMMUNE** 43

I medhald av § 11, jf. § 16, i *Lov om vern mot forurensninger og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6* (forureiningslova), gjev Fylkesmannen i Hordaland med dette **Cod Culture Norway A/S**, løyve til utslepp til luft og vatn frå eit stamfisk, yngel- og setjefiskanlegg for torsk på følgjande lokalitet:

| Lokalitet | Kommune | UTM - koordinatar | Ramme |
|-----------|----------|-------------------------------|----------|
| Kollsnes | Øygarden | KN 742 202, Kartblad 1116 III | 250 tonn |

Løyvet gjeld på dei spesielle og generelle vilkår som følgjer vedlagt.
Løyvet er ikkje gyldig før fiskerisjefen har gjeve konsesjon etter oppdrettslova.

Ramme for utsleppsløyvet

Dette løyvet gjeld for eit stamfisk, yngel- og setjefiskanlegg for torsk, med ein maksimal produksjon på 250 tonn per år.

Dersom konsesjonen ikkje har etablert seg, utvida eller flytta innan 2 år, må det etter § 20 i forureiningslova gjevast melding til fylkesmannen, som avgjer om det må sendast inn ny søknad.

Løyvet gjeld også for utslepp frå reingjering av nøter (notvaskar) og anna produksjonsutstyr, førtillaging og medisiner. Det er også sett vilkår for handtering av daudfisk-avfall og anna avfall knytt til vanlege aktivitetar ved anlegget.

Løyvet gjeld ikkje for slakting/sløyving/foredling av fisk.

Fristar

Nedanfor er tidsfristar for gjennomføring av tiltak gjevne med tilvising til vilkår i utsleppsløyvet.

| Tiltak | Frist | Tilvising pkt. |
|--------------------------|----------------|----------------|
| Innsending av årsrapport | 15.02 kvart år | 6.3 |

Bakgrunn

Vi syner til søknad frå Kollsnes Akva AS, datert 12.10.99, samt oversending frå regiondirektøren datert 22.03.00. Syner vidare til brev frå Cod Culture Norway AS (CCN) datert 16.10.00 vedkomande tilleggsopplysningar til den opprinnelege søknaden.

Den opprinnelege søknaden frå Kollsnes Akva AS gjaldt løyve til etablering av eit oppdrettsanlegg for produksjon av marin fisk innanfor området til Kollsnes Næringspark i Øygarden kommune. Søknaden gjaldt i hovudsak produksjon av piggvar, men med skisse av vidare ekspansjon av anlegget, og då óg med andre marine artar i tillegg. Anlegget var planlagt med tanke på å føra oppvarma overskuddsvatn frå eit gasskraftverk på Kollsnes. I brev av 16.10.00 frå Cod Culture Norway AS, eit dotterselskap av Kollsnes Akva AS, går det fram at endeleg handsaming av den opprinnelege søknaden av 12.10.00 kan utsetjast til det eventuelt ligg føre meir konkrete planar med omsyn til produksjon av andre marine artar/produkt i regi av Kollsnes Akva AS. Dette har samband med at det enda ikkje er teke stilling til etablering av gasskraftverk på Kollsnes.

Ein er difor no berre beden om å ta stilling til produksjon av yngel og setjefisk, samt hald av stamfisk av torsk i regi av dotterselskapet CCN.

Fylkesmannen si vurdering/grunngeving

Fylkesmannen skal vurdere dei verknadene etableringa får for dei ulike ansvarsområda. I rundskriv T-3/86 (jf. rundskriv T-3/93) har Miljøverndepartementet delegert mynde til fylkesmannen til å avgjere oppdrettssøknader etter forureiningslova § 11. Fylkesmannen skal også gje fråsegn i oppdrettssøknader med omsyn til *vilt, laksefisk/innlandsfisk, naturvern og friluftsliv*. Rundskrivet gjev retningslinjer for kva tilhøve som bør trekkjast inn i vurderinga av søknaden.

I følgje oppdrettslova § 5 skal det ikkje gjevast konsesjon dersom omsøkte anlegg vil få ei klar uheldig plassering i høve til omkringliggjande miljø, lovleg ferdsle eller annan utnytting av området.

- Tilhøvet til plan

Øygarden kommune handsama søknaden i møte 02.02.00, jf. skriv datert 01.03.00. Anlegget skal vera landbasert i ein del av Kollsnes Næringspark som er regulert til akvakulturføremål. Øygarden kommune tilrådde søknaden.

Med bakgrunn i den kommunale prosessen har fylkesmannen ingen merknader med omsyn til plantilhøva.

- Vilt, laksefisk/innlandsfisk, naturvern og friluftsliv

Med omsyn til tilhøva knytt til naturvern, friluftsliv, vilt og laksefisk har fylkesmannen ingen merknader.

- Forurensing

Det går ikkje klart fram av søknaden kva alternativ med omsyn til avlaupsleidning som vil nyttast. Etter det fylkesmannen kan sjå ville ein enten nytta eksisterande kloakkleidning (med slamavskiljing), evt. eigen leidning med diameter 500 mm lagt ut på 20 m djupne. Begge deler er akseptabelt i høve til den produksjonsstorleik som foreløpig er planlagt. Fylkesmannen ber om ei tilbakemelding på kva løysing som vert nytta.

Fylkesmannen gjer merksam på at verksemda vil kunne verte pålagt tiltak for å overvake utviklinga i resipienten, jf. vilkår 7 i vedlegg 1. Slikt tiltak vil særskilt kunne verte aktuelt dersom produksjonsstorleiken vert ytterlegare auka i tida framover.

Vilkår for utsleppsløyvet er gjeve i vedlegg 1.

Erstatningsansvar


Utsleppsløyvet fritenk ikkje for erstatningsansvar for forureiningsskade etter forureiningslova, jf. § 10 og kap 8.

Klagerett m.m.

Vedtaket kan påklagast til *Statens forurensningstilsyn* (SFT) etter reglane i kap. VI i forvaltningslova av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse. Klage skal sendast til fylkesmannen innan 3 veker frå vedtaket har teke til å gjelde, dvs. frå det tidspunktet anlegget har fått konsesjon etter oppdrettslova. Klagen skal vise til det vedtaket som klagen gjeld og den eller dei endringar som klagaren ønskjer. Klagen bør grunnjevast, og eventuelle opplysningar som kan ha innverknad på saka bør nemnast.

Dersom vedtaket blir påklaga, kan fylkesmannen eller SFT etter førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal tre i kraft før klagen er endeleg avgjort, jf. § 42 i forvaltningslova. Partane i saka har rett til å sjå saksdokument etter forvaltningslova §§ 18 og 19. Fylkesmannen vil på førespurnad kunne gi nærmare opplysningar om sakshandsaminga.


Håkon Kryvi e.f.
Seksjonsleiar


Nina Skjegstad
1. konsulent

Vedlegg: Utsleppsløyve (vedlegg 1)
Vilt (vedlegg 2)

Gjenpart m/vedlegg:

Cod Culture Norway AS, c/o Bergen Aqua AS, PB 2604, 5836 BERGEN
Øygarden kommune, 5336 Tjeldstø
Hordaland fylkeskommune, Avd. for regional utvikling, 5020 BERGEN
Fiskerirettleiaren i Nordre Midthordland, 5353 Straume
Statens dyrehelsetilsyn, Fylkesveterinæren for Hordaland, Sogn og Fjordane,
Boks 61, 5032 MINDE

VEDLEGG 1

Vedlegg til utsleppsløyve
av 30 OKT. 2000
for Cod Culture Norway AS

VILKÅR FOR LØYVET

1. UTSLEPP TIL VATN

1.1 Fôr

Ved fôring av fisken skal tap og spill av fôr reduserast mest mogeleg.

Det er berre tillate bruk av tørrfôr eller mjukpellets.

DEFINISJONAR:

Mjukfôr/pellets: Oppmalen fisk/fiskeavfall, tilsett så mykje bindemiddel at det kan fôrast ut som pellets utan å gå i oppløysing.
Tørrstoffinnhald > 50 %

Tørrfôr: Tørrstoffinnhald > 90 %

1.2 Fôrkjækken

Avløpsvatn som inneheld feitt frå fôrkjækken skal passere feittavskiljar før utslepp. Feittavskiljaren skal utformast, dimensjonerast og drivast i samsvar med *NTNF-Indrens veiledning nr. 1*.

Utsleppsleidning skal fôrast ut i sjø slik at munningen ligg på minst 15 meters djupn og minst 20 meter frå strandkanten (ved middelveisstand). Leidningen må forankrast slik at den ikkje flyt opp eller endrar plassering. Plassering av leidningen må gjennomførast og avmerkjast i samråd med Kystverket.

1.3 Medisin/kjemikal

Bruk og utslepp av medisin, insekticid, desinfeksjonsmidlar m.m. skal skje i samsvar med gjeldande regelverk/retningsliner frå forurensingsstyresmaktene.

1.4 Sanitæravløpsvatn

Utslepp av sanitæravløpsvatn frå personalrom m.m. må godkjennast av kommunen i samsvar med gjeldande reglar for utslepp.

2. UTSLEPP TIL LUFT

Fôrlagring og fôrtillaging, spyling, reingjering og tørking av nøter, handtering av avfall, samt andre aktivitetar ved anlegget skal gå føre på en slik måte at dei ikkje fører til særlege luktulemper for naboar m.m.

3. STØY

Anlegget skal utformast og drivast slik at det ikkje oppstår urimelege støyulemper.

4. AVFALL OG SLAM

4.1 Produksjonsavfall og slam

Daud fisk, slakteavfall, fôrrestar, slam, feitt o.l. skal handterast slik at det ikkje oppstår forurensingsmessige ulemper.

Oppdrettsanlegget skal disponere eigen daudfiskkvern/ensileringsutstyr og mellomlager for lokal handsaming og konservering av fiskeavfall. Ensilert fiskeavfall skal mellomlagrast lokalt, og oppdrettsverksemda skal ha tilgang til lagertank. Volum på lagertank skal avpassast etter produksjonsmengde og transportavstandar, og bør vere 5 % av årleg produksjonsmengde.

Daud fisk skal takast opp av sjøen minst ein gong kvar dag i sommarhalvåret og minst ein gong annankvar dag i vinterhalvåret. Når det døyrr meir fisk i anlegget enn vanleg, skal frekvensen aukast tilsvarande.

Oppsamla daud fisk skal konserverast straks ved ensilering, frysing e.l. og førast til eige lager. Ved ensilering skal fisken kvernast.

Ensilert fiskeavfall skal leverast til godkjent attvinningsanlegg for fiskeavfall.

Dumping av daud fisk og anna avfall i sjøen er ikkje tillate.

Nedgraving og forbrenning er ikkje tillate utan skriftleg løyve. Søknad om forbrenning skal rettast til *Statens forurensningstilsyn*, medan søknad om nedgraving skal rettast til fylkesmannen og fylkesveterinæren.

Oppdrettsanlegget skal ha planar (beredskapsplan) og utstyr for å ta hand om massiv fiske-daude, t.d. ved algeoppblomstring eller sjukdom. Beredskapsplanen skal m.a. omfatte strategiar til raskt å kunne handtere massedaude av fisk i anlegget, og klargjere kven som har ansvar for kva i slike situasjonar

4.2 Medisin- og kjemikalrestar.

Unytta restar av medisinfôr, antibiotika, insekticid samt andre spesielt miljøfarlege stoff inkludert emballasje skal samlast og lagrast forsvarleg før avhenting ved produsent eller annan instans som er godkjend av styresmaktene. Det same gjeld for oppsamla fôrrestar og ekskrement som inneheld antibiotika.

4.3 Anna avfall

Emballasje o.l. samt alt anna avfall som ikkje er omfatta av pkt 4.1 og 4.2 skal førast til godkjent avfallsanlegg for slike avfallstypar.

4.4 Slamfjerning

Dersom det må fjernast slam frå sjøbotnen, må det søkjast om eige løyve. Skriftleg søknad som gjer greie for korleis slammet er tenkt transportert og disponert skal sendast til fylkesmannen. Pga. smittefaren må også veterinærstyresmaktene varslast.

Oppsamla slam skal om mogeleg nyttast til gjødsel/jordforbetningsmiddel.

5. LAGRING AV MEDISIN OG KJEMIKAL

Medisin, insekticid, kjemikal m.m. skal lagrast forsvarleg og avlåst slik at dei ikkje er tilgjengelege for uvedkomande.

Lagerlokalet skal utformast slik at spill ved uhell e.l. ikkje blir slept ut, men kan samlast opp. Dette kan t.d. sikrast ved hjelp av oppsamlingstankar eller ved å laga kantar som gjer eit stort nok volum.

6. KONTROLL

6.1. Rutiner for vedlikehald.

Verksemnda pliktar å føre jamleg tilsyn og kontroll med føringsutstyr, eventuelle reinseanlegg m.m., slik at desse alltid vert drivne mest mogeleg effektivt. For å sikre dette, skal verksemnda driva rutinemessig førebyggjande vedlikehald og ha eit rimeleg reservelager av dei mest utsette komponentane.

6.2 Kontroll

Verksemnda skal registrere og journalføra følgjande data;

- * fiskemengde
- * mengde død fisk
- * mengde rømd fisk
- * fôrtype og fôrforbruk
- * bruk av:
 - antibiotika, type og mengde
 - insekticid " "
 - andre kjemikal
- * mengde oppsamla slam med antibiotika, og disponeringsmåte
- * avfallsmengder og disponeringsmetode

Journalen må takast vare på ved anlegget i minst 2 år og vere tilgjengeleg ved kontroll/-inspeksjon.

Verksemnda pliktar å la representantar for fylkesmannen og dei etatar og institusjonar som har fullmakt frå fylkesmannen inspisere anlegget når dei måtte ønskje det.

6.3 Årsrapport

Kvart år skal det utarbeidast ein rapport som viser data over produksjon det siste året, avfallsmengder og -handtering, samt forbruk av fôr, medisin m.m. Årsrapporten skal leverast på standard skjema, og skal innehalde ei samanlikning av faktiske og tillatne mengder/forhold. Eventuelle overskriddingar må kommenterast. Årsrapporten skal sendast inn til fylkesmannen innan 15. februar etterfølgjande år.

7. RESIPIENTGRANSKINGAR

Verksemnda pliktar å kosta eller delta i dei granskingar som fylkesmannen finn turvande for å kartleggje forureiningseffekten til anlegget, jf. § 51 i forureiningslova . Verksemnda kan også påleggjast å betale ein høvesvis del av kostnadene ved eit resipientgranskingsprogram for området der anlegget er plassert.

8. GENERELT

8.1 Eigenkontroll og ansvar

Verksemnda pliktar, gjennom instruksar, kontroll og andre tiltak, å syte for at drifta av anlegget skjer slik at ulemper og skadeverknader vert mest mogeleg avgrensa.

8.2 Akutte utslepp

Verksemnda pliktar å gjennomføre tiltak med sikte på å unngå akutte utslepp av t.d. antibiotika, kjemikal o.l. Dersom det oppstår akutte utslepp skal fylkesmannen varslast så snart som mogeleg.

8.3 Forureiningsgebyr og straffeansvar

Forureiningsstyresmaktene kan etter § 73 i forureiningslova gjere vedtak om forureiningsgebyr for å sikre at reglane i lova og vilkåra i dette løyvet vert etterlevde.

Brot på vilkåra i løyvet er straffbart etter kap. 10 i forureiningslova.

8.4 Endring av utsleppsløyvet

Dersom fylkesmannen finn det naudsynt, kan det setjast krav om at ytterlegare tiltak vert gjennomførte for å hindre eller redusere forureiningsfaren frå oppdrettsanlegget. Eventuelt kan han krevja at anlegget vert flytta når krava i § 18 i forureiningslova "*om endring og omgjøring av tillatelse*" er oppfylte.

8.5 Nedlegging, eigarskifte, konkurs

Ved eigarskifte, inkludert eigarskifte i samband med konkurs, må det gjevast melding om dette til forureiningsstyresmaktene innan 4 veker. Det same gjeld ved endring av namn.

Ved nedlegging av drifta, t.d. på grunn av konkurs, skal det også gjevast melding til forureiningsstyresmaktene, jf. § 20 i forureiningslova.

Verksemda er ansvarleg for rydding og istandsetjing av det området som har vore i bruk, jf. § 20 i forureiningslova.

VEDLEGG 2

VILT

Viltlova frå 1981 skal sikre alle dyr og fuglar eit minimum av vern. I utgangspunktet er alle viltartar freda. Lova seier vidare at:

"Ved enhver virksomhet skal det tas hensyn til viltet og dets egg, reir og bo, slik at det ikke påføres unødige lidelse og skade."

Ut frå noverande kjennskap til området, synast ikkje den påtenkte plasseringa å kome innafør viktige viltbiotopar. Indirekte kan ei slik etablering føre til konflikter og påførast problem med omsyn til det frittlevande viltet. Røynsle har vist at desse anlegga kan verke tillokande for villmink, oter og visse fuglearter frå dei kringliggjande områda. Skadeproblema som dermed oppstår, kan i neste omgang aktualisere søknad om fellingsløyve.

Før ein søknad om fellingsløyve kan etterkomast, gjeld det visse generelle vilkår som må vere oppfylte.

Det vert presisert at før felling pliktar eigar, brukar eller rettshavar i rimeleg omfang å prøve andre tiltak for å førebyggje viltskade.

Når det gjeld dette anlegget, bør det av omsyn til viltinteressene, og som førebyggjande tiltak mot viltskade, fastsetjast følgjande vilkår for konsesjon:

1. Eigar av oppdrettsanlegget skal montere måsenett over kar og merdar som står utanomhus før dei vert tekne i bruk. Det må sytast for at nettet til ei kvar tid er i tilfredsstillande stand.
2. Ved eventuell viltskade på oppdrettsanlegget skal eigaren straks ta kontakt med viltneimnd eller viltkonsulent for å drøfta aktuelle åtgjerder.
3. Eigaren av oppdrettsanlegget skal førebu montering av flytelense med sperregarn og otersikker port på landgangen. Montering av slik lense og port skal gjennomførast når fylkesmannen eller miljøvernstyresmaktene sentralt krev det. Maskevidda på sperregarna skal avgjerast av miljøvernstyresmaktene.